



Soknepresten førebur seg på preika

Påskemorgen slukker sorgen av sjølvaste Grundtvig er den'salme som dei fleste nok vil rangera først av påskesalmane, Så var det da også den som organist Marit Lindekleiv opna høgtidsgunesta i kyrkja med i ettermiddag. På føremiddagen var Kvinnheradkyrkja fylt medan det møtte berre rundt 20 då turen kom til Uskedalen på denne spesielle dagen.

- For spesiell er vel dagen også for deg, sokneprest Kristian Due?



[Organisten opnar med Påskemorgen](#)

- Jau, det skal vera sikkert, Påskedagen er den største dagen i kyrkjeåret sjølv om både jul og pinse har viktige høgdepunkt. Det gjer at ein prest legg ekstra mykje arbeid i preika på denne dagen.





Nytilsett kyrkjetenar startar klokka

Det seier soknepresten før han tek til med tokinga av den glade bodskapen og strekar under at det som skjedd denne dagen sette verda i eit nytt lys.

Dette er forresten gudsteneste nummer 4 for soknepresten i denne påska utan at han verker stressa av den grunn, Han starta med Valen og Uskedalen skjærtorsdag, Det var forresten 55 til stades i vår kyrkje denne dagen. På langfredag var det Holmedal sin tur.

- Det er litt jobb å gjera i ei høgtid som denne, men det er ein kjekk jobb,' konkluderar Due før vi spør kyrkjeyssekretær Oddjörg Heimark om tidspunktene for gudstenestene i påska. Kvifor til dømes messe om ettermiddagen påskedag? Svaret er at det før var meir vanleg med messe 2. påskedag, men det er no ein typisk heimreisedag.

Den som trykkjer på knappen og seter klokka i svingningar denne dagen er Magne Eik, som ynskjer å bli kalla Magne malar framleis sjølv om han kunne bli kalla Magne ringar heretter. Han er nyleg tilsett som kyrkjetenar i 12,5 prosents stilling etter Leohnard Eik. Magne har vikariert i ei årrekke.

Også Magne meiner at dette er den største dagen i kyrkjåret utan at han kan legge nokon ekstra effekt inn i klokka av den grunn.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen